# Aktsomheitsrapport Indre Sunnmøre Gjensidig Brannkasse

## Åpenheitslova

## Innleiing

Indre Sunnmøre Gjensidig Brannkasse (heretter ISGB) er eit gjensidig forsikringsselskap med hovudkontor på Stranda. Kjerneverksemda er brannforsikringer til private og næringsdrivande i våre områder. Vi sel også andre forsikringer på vegne av Gjensidige Forsikring ASA. ISGB har lenge hatt fokus på arbeidsforhold, korrupsjon og menneskerettigheiter. Dette gjer at ISGB skal kunne iverksette Åpenheitslova i si verksemd.

Arbeidet vidare blir å innhente ein bekreftelse frå våre større leverandørar og forretningspartnarar på at dei overheld reglane for arbeidsforhold, korrupsjon og menneskerettigheiter, og har strenge krav til compliance.

ISGB tek åpenhetslova og forpliktelsane som følger med på alvor. Ledelsen og styret har det overordna ansvaret for implementeringa av Åpenheitslova. Aktsomhetsvurderingar blir utført på eksisterande leverandørar pr. 2025, og fortløpande på nye leverandørar. I denne rapporten presenterer vi eit overordna bilete av metodikk og resultat.

ssified: General Business

## *Organisasjonen*

Åpenheitslova er implementert på ledelsesnivå i ISGB. Sjå organisasjonskart:




Implementering

Styret har delt arbeidet med implementering av åpenheitslova i to fasar:

Fase 1:

1. Skaffe forståelse for loven og endringer

2. Forankring i styret og organisasjonen

Fase 2 - etter publisering av første rapport; vidareutvikling

1. Evaluere interne system for handtering av brot.

2. Prioritere områder som skal følges opp ytterlegare basert på den overordna aktsomheitsvurdringa og resultat frå leverandørundersøkelsar

3. Evaluere overordna aktsomheitsvurdering av leverandørar og samarbeidspartnera.

4. Evaluere og vidareutvikle rutiner for oppfølging av leverandørar og samarbeidspartnera.

Styret vil følge opp arbeidet med åpenheitslova årlig.

## *Metodikk*

ISGB har allereie betydelig informasjon om sine største leverandørar. Dette gjennom at Gjensidige Forsikring ASA er eller bidreg med leverandørar. Gjensidige har lenge hatt bærekraft som fokus og har strenge krav til sine leverandørar. For leverandørar som ikkje er direkte knytta opp mot Gjensidige- konsernet har selskapet innhenta ytterligare informasjon. Brannkassefellesskapet samarbeider i stor grad om avtaleinngåelse med leverandørar, og leverandørundersøkelsar innhenta av ei av dei samarbeidande brannkassene kan bli nytta i selskapet si aktsomheitsvurdering.

Det er ikkje avdekka forhold i undersøkinga som etter styrets vurdering tilseier tiltak. Styret registrerer at alle leverandørar gir seg sjølv gjennomgåande høg score på dei spørsmål som er stilt. Med dette som bakgrunn vil styret evaluere spørsmåla i undersøkelsen før neste utsendelse.

ssified: General Business

## *Objekter*

I henhald til åpenheitslovens premisser er følgande kategorier i selskapet si verdikjede ein del av aktsomheitsvurderinga:

| Eigen virksomhet | Tjenesteleverandørar |
|---|---|
| 1. Forsikring – brann og natur<br>2. Forsikringsformidling<br>3. Utleige av fast eiendom | 1. IT og system<br>2. Salg og marknad<br>3. Skadeoppgjer<br>4. Økonomi, finans og rekneskap |
| Sluttkunder<br><br>1. Privatkundar<br>2. Næringskundar<br>3. Landbrukskundar | |

## *Metodikk*

For å avgjøre kva prioriteringar ISGB skal gjere, er det tatt utgangspunkt i følgande konsekvens og sannsynlegheit for brot på menneskerettigheiter, arbeidsmiljø og korrupsjon:

Modell:

| Konsekvens | |
|---|---|
| Ubetydelig | 1 Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, eller brudd på menneskerettigheter |
| Lav | 2 Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, men det kan oppstå brudd på menneskerettigheter |
| Moderat | 3 Vil sannsynligvis ikk forårsake fysisk skader, men kan sannsynligvis forårsake noe sykisk skade |
| Høy | 4 Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake forårsake alvorlig psykisk skade |
| Alvorlig | 5 Konsekvense kan resultere i tap av liv eller forårsake alvorlig fysisk skade |

| Sannsynlighet | |
|---|---|
| Svært sjeld | 1 Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, eller brudd på menneskerettigheter |
| Sjelden | 2 Vil ikke forårsake fysisk eller psykisk skade, men det kan oppstå brudd på menneskerettigheter |
| Sannsynlig | 3 Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake noe psykisk skade |
| Meget san | 4 Vil sannsynligvis ikke forårsake fysisk skade, men kan sannsynligvis forårsake alvorlig psykisk skade |
| Påregnelig | 5 konskvensen kan resultere i tap av liv eller forårsake alvorlig fysisk skade |

Basert på resultatet av vurderinga vil ISGB framover foreta ytterligare vurderingar. Då vil følgande tilleggsfaktorar for omfang av eventuelle brot og moglegheiter for gjenoppretting, vurderast for dei prioriterte område:

| | Omfang | |
|---|---|---|
| Lite | 1 | 0-10% av virksomheten |
| Moderat | 2 | 10-25% av virksomheten |
| Betydelig | 3 | 25-75% av virksomheten |
| Omfattend | 4 | 75-100% av virksomheten |

| | Mulighet for gjenoppretting | |
|---|---|---|
| Fullt mulig | 1 | Rettighetshaverens situasjon kan fullt ut tilbakestilles før brudd |
| Noe | 2 | Kan være mulig at rettighetshavere sin situasjon tilbakstilles før brudd |
| Liten | 3 | Liten mulighet for at rettighetshavere sin situasjon tilbakestilles til før brudd |
| Ikke mulig | 4 | Rettighetshavere sin situasjon er ugjenopprettelig |

Relevante moment i vurderinga er:

- Omfang av leveranse

- Kjente tilfeller av korrupsjon, brot på menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold.

- Geografi

- Varer eller tjenester

- Bransje

Brannkassa anser ikkje å være spesielt eksponert for belasta bransjer. Det er ikke avdekka spesielle forhold hverken av omfang eller konsekvens som styret ser behov for å iverksette tiltak rundt. Scoren leverandørene gir seg sjølv.

## *Prioriteringar av segment for aktsomheitsvurdering*

ISGB har beslutta å prioritere denne overordna aktsomheitsvurderinga rundt tjenesteleverandørar og samarbeidspartnera. Dette er områder kor vi anser vår påvirkningsevne som størst på våre leverandørar. Når det gjeld eigen verksemd, kor salg av forsikringer er heilt sentralt, skal dette også vurderast som alle andre forsikringsselskaper i Norge.

| Kategori | Antal leverandører | Sannsynligheit for brot på menneskeret-tigheiter | Potensiell alvorlegheits-grad av menneskerettig-heitersbrot |
|---|---|---|---|
| IT og system | 1 | 2 | 2 |
| Salg og marked | 1 | 1 | 1 |
| Skadeoppgjør | 1 | 3 | 1 |
| Økonomi, regnskap og finans | 1 | 1 | 1 |
| | | | |

## *Handtering av faktiske negative konsekvensar*

Sjølv om det i årets aktsomheitsvurdering ikkje er avdekka faktiske brot på menneskerettigheiter, anstendige arbeidsforhold eller korrupsjon, har ISGB etablert rutiner for korleis slike tilfeller skal handterast om dei skulle oppstå. Dersom det identifiseres risiko eller faktiske negative konsekvenser i eiga verksemd eller i leverandørkjeda, vil ISGB innleie dialog med den aktuelle parten for å avklare forholda og iverksette naudsynte tiltak. Tiltak kan inkludere krav om korrigerende handlingar, tettare oppfølgjing, revisjoner eller i alvorlige tilfelle avslutning av samarbeidet. ISGB vil også vurdere om det er behov for gjenopprettande tiltak for berørte partar, og sikre at slike saker dokumenteres og følges opp systematisk.

## *Forholdet til våre tilsatte*

Våre tilsatte er omfatta av hovedavtalen mellom Finans Norge og Finansforbundet, som saman med reglane i arbeidstvistlova danner grunnlag og gir reglar for forhandlinger om opprettelse av tariffav-talar. Alle våre tilsatte har full friheit til å organisere seg i fagforeininger, og fagforeiningene har fri tilgang til å rekruttere medlemmer mellom våre tilatte. Varslingsrutine for kritikkverdige forhold er tilgjengelig for alle medarbeidarar via intranett.

ssified: General Business

## *Informasjonsplikt*

ISGB etterlever informasjonsplikta etter åpenhetslova § 6, og besvarer henvendelser fra ålmenta om korleis vi arbeider med menneskerettigheiter og anstendige arbeidsforhold. Forespørslar kan rettast skriftlig via kontaktskjema på vår e-postadresse og vil bli besvart innen lovpålagt frist.

## *Avslutning*

ISGB vil fortsette å arbeide aktivt med Åpenhetslova i tida som kjem. Selskapet sine etiske retningslinjer vil bidra til implementeringa og ikkje minst gode rutiner for å hensynta menneskerettigheiter og anstendige lønns- og arbeidsvilkår i heile vår verksamheit. Selskapet kjøper HR tjenester gjennom sin hovedsamarbeidspart -Gjensidige Forsikring ASA. Gjennom dette er Brannkassen ein del av rutiner for varsling om potensielle kritikkverdige forhold på arbeidsplassen samt kva for føringar og prinsipp som blir lagt til grunn i dette viktige arbeidet. Kulturen til Brannkassa skal være prega av åpenheit og høg etisk standard – både internt og utad. Brannkassa sin policy for etiske retningslinjer er kjent for alle tilsette i selskapet og er utarbeida med utgangspunkt i:

- Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) § 2 A-1 Rett til å varsle om kritikkverdige forhold i verksemda
- Lov om straff (straffeloven) § 387 Korrupsjon
- Lov om finansforetak og finanskonsern (finansforetaksloven) §16-1 (4) om interessekonflikter

Brannkassa vil følge opp arbeidet rutinemessig og løpande vurdere om aktsomheitsvurderingane børviderast.

## *Forpliktelseserklæring*

ISGB forplikter seg til å fremje og respektere menneskerettigheiter, arbeidsmiljø og bekjempelse av korrupsjon, og dette er forankra i en eigen forpliktelseserklæring godkjent av ledelsen og styret.

Stranda 26. juni 2026

Per Tore Fausa

Therese Iren Sæter

Eli Rødseth Berg

Per Magnus Berdal

Olav Reidar Haugen

Terje Langlo

ssified: General Business